 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	<b>Versjon 2016</b>
	Lokale avtaler Lokal arbeidsavtale for undervisningspersonalet	<b>Utarbeidet av:</b> <b>Godkjent av:</b> den..... Sak.. <b>Side</b> 1.... <b>av</b> ...6

# Lokal arbeidstidsavtale 2016/2017

## Kommune: Bø i Telemark

### Innhald:

Sentrale, kommunale og lokale utviklingsmål

1. Årsverket
2. Inndeling av årsverket
  - a. Undervisningsplikt/Leseplikt
  - b. Undervisningsomgrepet
  - c. Tid til eige føre- og etterarbeid
  - d. Arbeidsplanfesta tid utanom undervisninga
3. Arbeidsplanar
4. Livsfasetiltak
5. Andre arbeidsoppgåver
6. Reglar om tidsressursar
7. Anna

### Vedlegg:

- Kommunen sin utviklingsplan

## Sentrale og kommunale utviklingsmål


### Sentrale utviklingsmål i rundskriv B-5/06 frå KS og i fellesskoleringen:

- Arbeidstidsavtala skal bidra til størst mulig profesjonalitet i læraren si yrkesutøving slik at opplæringstilbodet til elevane blir best mulig
- Utvikling av arbeidsformer som styrker og muliggjør tilpasset opplæring
- Avtalen skal sikre den einskilde lærar tilstrekkeleg og rimeleg tid til dei oppgåvene som følgjer direkte og/eller indirekte av undervisningsoppgåvene
- Fokus på skolen som ei kunnskapsbedrift. Betre læring – betre resultat
- Auka kvalitet i møtet mellom lærar og elev
- Styrke samhandlinga og dialogen mellom nivåa, og mellom kommuneleiinga og dei tillitsvalde
- Regulering av lærarane si arbeidstid slik at det gjev gode arbeidsvilkår, vernar lærarane mot urimeleg arbeidsbelastning og fremjar eit godt arbeidsmiljø for lærarane

### Kommunale utviklingsmål:

Prioriterte utviklingsmål i Bø kommune sin plan for kvalitetsutvikling i grunnskolen 2016-2019 er:

- Utvikle konkrete styringsdokument

 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	<b>Versjon 2016</b>
	Lokale avtaler Lokal arbeidsavtale for undervisningspersonalet	<b>Utarbeidet av:</b> <b>Godkjent av:</b> <b>den.....</b> <b>Sak..</b> <b>Side2.... av...6</b>

- Undervisninga skal vere variert, praktisk og relevant
- Nulltoleranse i høve til mobbing
- Utvikle god klasseleiing og godt læringsmiljø
- Utvikle kommunikasjon og samhandling mellom skulane
- Utvikle tverrfagleg samarbeid, både på den einskilde skule og i kommunen

Prioriterte område:

- Skulebasera kompetanseutvikling; Vurdering for læring
- Spesialundervisning og tilpassa opplæring
- Tverrfagleg samarbeid med fokus på «Barn som bekymrer»

Den einskilde skulen har sjølv utvikla målsettingar og laga årlege utviklingsplanar som bidrar til at både nasjonale føringar og overordna mål vert nådd i planperioden.

## 1. Årsverket

### **Sentral avtale:**

*Læraren sine samla arbeidsoppgåver skal utførast innom eit årsverk på 1687,5 timer (1650 timer for lærarar som er 60 år og over). Av årsverket er 38 veker samanfallande med skuleåret til elevane. I tillegg vert det avsett 1 veke til kompetanseutvikling og planlegging m.m.*

### **Kommunal avtale er lik sentral avtale:**

#### **Avtale på kommunenivå:**

- Skulane skal ha 6 planleggingsdagar
- Alle skulane har fellestid på måndagar
- Arbeidsåret er framleis 1687,5 timar, det skal lagas individuell arbeidsplan for kvar tilsette
- Prøve å leggje flest mogleg møte innafor bunden tid
- Møte ut over bunden tid på arbeidsplanen eller av tid avsett til disposisjon, skal godtgjerast med løn eller avspasering. Dette føreset at det blir levert inn eit timerekneskap.
- Møtefri 2 veker haust og vår ved gjennomføring av konferansetimar
- Konkretisere bruk av tid for to-lærar

## 2. Inndeling av årsverket.

**Sentral avtale:** Lærarane får avsett tid til undervisning, anna arbeid med elevar, kollegasamarbeid, føre- og etterarbeid, samarbeid med føresette og instansar utanom skulen, faglig-administrative oppgåver og andre planlagde aktivitetar med:

*1300 timer på barnetrinnet  
1225 timer på ungdomstrinnet*

*Dette er arbeidsplanfesta tid der tid utover 38 veker er rekna inn med 37,5 timer pr veke og tid til undervisning slik det går fram av årsrammene i vedlagte tabell.*

*Lærarane et og legg naudsynt pausetid innom arbeidsplanfesta tid.*

 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	Versjon 2016 Utarbeidet av: Godkjent av: den..... Sak.. Side3.... av...6
	Lokale avtaler Lokal arbeidsavtale for undervisningspersonalet	

Resten av årsverket vert disponert av læraren til føre- og etterarbeid og faglig vedlikehald.

**Kommunal avtale er lik sentral avtale:**

**a. Undervisningsplikt/leseplikt**

<b>Sentral avtale:</b>	
Barnetrinnet: Alle fag:	988 årstimar
Ungdomstrinnet:	
Norsk/Teiknspråk osv	808 årstimar
Engelsk/Heimkunnskap/Mat & helse	847 årstimar
Andre fag	885 årstimar
Kunst & handtverk/Kroppsøving	948 årstimar

**Kommunal avtale er lik den sentrale.**

**b. Undervisningsomgrepet**

Arbeidsretten 20.12.02 har definert undervisning slik:

“..læraren har delteke i utarbeidinga av det pedagogiske opplegget...  
 ..til den aktuelle arbeidsoppgåva er det knytt føre- og etterarbeid... Dersom arbeidsoppgåva går inn som ledd i utføringa av vedkomande lærar sitt pedagogiske opplegg, vil både dei reint passive tilsynsfunksjonane og andre gjeremål som kan utførast av ufaglærte, kunne måtte reknast som undervisning...”

**Kommunal avtale bygger på same forståing**


**c. Tid til eige føre- og etterarbeid**

<b>Sentral avtale:</b>	
Barnesteget:	387,5 årstimar + tid avsett på arbeidsplanen
Ungdomssteget:	462,5 årstimar + tid avsett på arbeidsplanen

**Kommunal avtale er lik sentral.**

**d. Arbeidsplanfesta tid utanom undervisninga**

<b>Sentral avtale:</b>	
Arbeidsårets lengde:	38 veker samanfallande med elevane sitt skuleår 6 dagar à 7,5 time utanom elevane sitt skuleår
Årlig ubunden tid: Barnetrinnet:	312 årstimar

 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	Versjon 2016
	Lokale avtaler Lokal arbeidsavtale for undervisningspersonalet	Utarbeidet av: Godkjent av: den..... Sak.. Side4.... av...6

Ungdomstrinnet:	277-417 årstimar (avhengig av årsramma for undervisning i dei ulike faga)
-----------------	---

**Kommunal avtale er lik den sentrale.**

### 3. Arbeidsplanar

**Sentral avtale:** Prinsipp knytte til innhald, utarbeiding og endring av arbeidsplanar vert drøfta på den einskilde skulen.

- *Det skal vere minimum to planperiodar. Den einskilde læraren si arbeidstingd vert søkt fordelt mest mogeleg jamt over planperiodane.*
- *Arbeidsgjevar utarbeider arbeidsplan for den einskilde med grunnlag i tildelte arbeidsoppgåver. Dette vert gjort etter samtale med arbeidstakar som kan få hjelp av sin tillitsvalde.*
- *Den enkeltes arbeidsplan skal som et minimum vise planfestet arbeidstid, inkludert undervisningstid, den einskilde dagen. Arbeidsplanen sine ytre rammer kan endrast med minst to vekers varsel med mindre kortare frist er avtalt med tillitsvalde som generell ordning, eller at dette er avtalt med den einskilde læraren.*
- *Årsramma for undervisning kan etter avtale mellom den enkelte lærer og rektor reduseras for at læraren skal kunne utføre andre arbeidsoppgåver knytte til undervisninga.*
- *Dersom læraren vert gjeve arbeidsoppgåver som medfører reduksjon i årsramma for undervisning, vert dette handsama i samsvar med reglane i punkt 5.*
- *Arbeidsplanfestet tid vert fordelt med maksimalt 37,5 timer pr. veke og maksimalt 9 timer pr. dag innom dei 39 vekene.*
- *Fast overtid kan avtalast for ein kortare eller lengre periode ved at årsramma for undervisningstid vert auka. Overtidsbetaling vert gjeve for timetalet årsramma for undervisning er auka med.*
- *Pålagt arbeid ut over oppsett arbeidsplan, eller arbeidsplanar som overstig grensene for maksimal tilstadesplikt, utløyser overtidsgodtgjering.*

**Kommunal avtale er i samsvar med sentral avtale:**

### 4. Livsfasetiltak

Kommunal avtale:


*Lærerar har rett til 6 % nedsett lesetid dei to første yrkesåra etter avslutta utdanning. Lærerar har rett til å få redusert årsramma for undervisning frå byrjinga av skuleåret det kalenderåret dei fyller 57 og 60 år.*

*Redusert årsramme for undervisning:*

*Frå det året ein fyller 57 år: 6,0 %*

*Frå det året ein fyller 60 år: 12,5 %*

*Årsrammereduksjonen medfører ei omfordeling av arbeidsoppgåver innom det ordinære årsverket. Den einskilde nyttar sjølv tida til pedagogisk arbeid.*

 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	<b>Versjon 2016</b>
	Lokale avtaler Lokal arbeidsavtale for undervisningspersonalet	<b>Utarbeidet av:</b> <b>Godkjent av:</b> <b>den.....</b> <b>Sak..</b> <b>Side5.... av...6</b>

### **Ekstraferie for arbeidstakarar over 60 år (ferieloven):**

*Arbeidstakar som fyller 60 år i ferieåret, skal gjevast ekstraferie på 6 virkedagar. Dersom ekstraferien vert delt, kan arbeidstakaren bare krevje å få fri så mange arbeidsdagar som vedkommande normalt har i løpet av ei veke.*

Dei 6 virkedagane inkluderar laurdag.

Arbeidstakaren bestemmer sjølv når ekstraferien skal avviklast. Arbeidstakaren bør varsle om tidspunkt for ekstraferien i god tid og minimum 14 dagar før.

Etter særavtala kan undervisningspersonell i staden for ferie ta ut fritid som fast reduksjon i arbeidsplikta gjennom året. Fritida gjev ein reduksjon i arbeidstida med 2,2 %.

Reduksjonen skal skje innom arbeidsplanfesta tid.

## **5. Andre arbeidsoppgåver**

### **Sentral avtale:**

*Har lærarar arbeidsoppgåver som medfører reduksjon i årsramma for undervisning, vert dette handsama på følgjande måte:*

- a. Arbeidet vert utført i arbeidsplanfesta tid om ikkje anna er avtala.*
- b. Reduksjon for å utføre kontaktlærarteneste, kontaktlærer for elevrådet og andre funksjoner der reduksjonen samla utgjer 15 % av årsramma for undervisning eller mindre, medfører ingen endring i arbeidsplanfestet tid.*
- c. Der reduksjonen utgjer undervisning tilsvarende 40 % av årsramma for undervisning eller meir, kan arbeidsplanfestet tid bli auka inntil 1462,5 timer.*
- d. For arbeidsoppgåver der det gis reduksjon i årsramma for undervisning som i størrelse ligger mellom b og c, fastsettes arbeidsplanfestet tid med bakgrunn i reglane i b og c.*
- e. Der reduksjonen utgjer undervisning tilsvarende 70 % av årsramma for undervisning eller meir, kan arbeidsåret bli auka inntil 40 veker.*

### **Kommunal avtale er lik sentral avtale:**

## **6. Reglar om tidsressursar**

**Ressurs til sosialpedagogisk teneste, rådgjeving osv.:**

### **Sentral avtale på ungdomssteget:**

*Det vert avsett minimum 28,5/38 årsrammetimar pr. påbegynte gruppe a` 25 elevar på ungdomssteget. I tillegg skal det avsettast 5 % av eit årsverk til same formål.*

 <b>Alle verksemdar</b>	<b>Personalhåndbok</b>	<b>Versjon 2016</b> <b>Utarbeidet av:</b> <b>Godkjent av:</b> <b>den.....</b> <b>Sak..</b> <b>Side6.... av...6</b>
	<b>Lokale avtaler</b> <b>Lokal arbeidsavtale for</b> <b>undervisningspersonalet</b>	

*Ressursane er føresett nytta blant anna til sosial-pedagogisk teneste/rådgjeving, og eventuelt lokalt oppretta funksjoner.  
Kontaktlærer elevråd får redusert årsramme for undervisning med minimum 28,5/38 årsrammetimar.*

### **Kommunal avtale er lik sentral avtale:**

#### **Ressurs til byrdefull arbeidssituasjon:**

##### **Sentral avtale:**

*Ressurs til lærarar med byrdefull arbeidssituasjon er fastsett til 2/2,67 årsrammetimar pr. elev ved den enkelte grunnskole.*

*Fordelinga av ressursen vert drøfta på den einskilde skule/eining. Ved partssemje på **kommunalt nivå** kan ressursen omfordeilast mellom skuler/skulene.*

*Tidsressursen skal nyttast til å lette læraren og/eller skuleleiaren sin arbeidssituasjon. Dette vert som hovudregel gjort ved reduksjon i talet på undervisningstimar. Arbeidsbyrda til den einskilde kan også lettast ved å auke personaltettleiken, og gjennom det tilpasse fordelinga av arbeidsoppgåver, dersom partane vert samde om det.*

### **Kommunal avtale er lik den sentrale**

#### **Kontaktlærartime:**

##### **Sentral avtale:**

*Lærarar som utfører kontaktlærarteneste for elevane får redusert årsramma for undervisning med minimum 57 årstimar.*

### **Kommunal avtale er lik den sentrale**

## **7. Anna.**

- For område som ikkje er regulerte i denne lokale arbeidstidsavtala, gjeld den sentrale avtala, slik det går fram i SFS 2213.
- Reglar i denne avtala som er i strid med Arbeidsmiljølova, Opplæringslova, Hovudtariffavtala eller anna lov- og avtaleverk, er ikkje gyldige.